

Årsmøte i venneforeininga
for Ryfylkemuseet

Arkivkode (vår ref.): 01150140.21ae

UTGREIING AV ORGANISASJONSMODELLAR FOR VENNEFOREININGA

Venneforeininga til Ryfylkemuseet vart skipa i mars 2007. Venneforeininga fremstår som ei samla foreining, med årskontingent. Medlemar får gratis inngang til museet sine anlegg i vanleg opningstid, og får tilsendt årboka. I følgje vedtektene er kontingenten primært tenkt til å finansiere trykk av årboka til museet. Vedtektene opna for lokallag knytt til enkelte anlegg eller samlingar, utan at dette har blitt prøvd ut. Dei siste ti åra har det vore svært lite aktivitet i venneforeininga, og fleire initiativ til ulike styrar og/eller direktørar har ikkje hatt varig effekt.

I 2020/2021 begynte styret for alvor å drøfte om ein bør endre på organisasjonsform for å gjere det mogleg å få meir aktivitet. Styret ba difor Ryfylkemuseet om å greie ut ulike organisasjonsmodellar som ligg innanfor vedtektene til venneforeininga.

Kva legg vi i ordet «aktivitet»?

«Aktivitet» kan bety mykje forskjellig. Ein måte å skilje ulike formar for aktivitet på, er å dele etter kven gjer kva for kven:

- a) Aktiviteter av venneforeininga for venneforeininga: til dømes medlemstur. Det er aktivitetar som medlemmar arrangerar på vegne av foreininga og som kjem medlemmane til gode.
 - a. Styret i venneforeininga har hatt styremøte, jobba med lokale samarbeidsprosjekt, organisert årsmøte og prøvd å engasjere andre medlemmar i lokale prosjekt.
 - b. Diverre har det vore lite engasjement elles, slik at aktiviteten har nok vore mest fokusert på dei formelle ting som årsmøte og styremøte.

- b) Aktivitetar av venneforeininga for museet: til dømes hjelp til arrangement. Det er aktivitetar der venneforeininga gjer noko som er direkte hjelp til museet.



- a. På det område har det vore ikkje noko aktivitet. Det betyr ikkje at medlemmane ikkje har hjelpt museet på mange område, dei har berre gjort det gjennom andre lag og foreiningar.

- c) Aktivitetar av museet for venneforeininga: til dømes medlemstur eller fagleg innslag under årsmøte. Det er aktivitetar som museet organiserer og gjennomfører, der medlemmar i venneforeiningar er den primære målgruppa, eller som er direkte hjelp til venneforeininga.
 - a. Dei siste åra har Ryfylkemuseet tatt på seg oppgåva som styresekretær, har organisert årsmøte, faglege innslag til årsmøte, pakka og sendt ut årboka, og i dialog med styreleiar organisert styremøta. Museet har altså tatt på seg ei rekke oppgåver som formelt har ligge hos venneforeininga.

I det følgjande skal ein sjå nærare på tre ulike modellar for venneforeiningar. Fokuset ligg då på aktivitetar av venneforeininga (punkt a og b). Kvar av dei tre organisasjonsformar finst i andre muséer. Det må også seiast at kvar av modellane fungerer godt nokon plassar og ikkje andre plassar.

Modell A: Lokallag

Denne modellen tar utgangspunkt i at kvart medlem i venneforeininga kan velje mellom å vere eit reint støttemedlem, eller å melde seg inn i eit lokallag. Lokallaga blir då «dotterselskap», det vil seie at dei høyrer til under venneforeininga, men driv nokså uavhengig.

Fordelar

Ei utfordring for venneforeininga er at den fort kan verte lite konkret. Det er enklare å engasjere seg lokalt, til dømes rundt eit konkret anlegg eller prosjekt.

Ryfylkemuseet forvaltar og driv anlegg eller gjenstandssamlingar i alle medlemskommunar. Difor er det mogleg å opprette lokallag knytt til konkrete, fysiske samlingar eller anlegg i alle kommunar.

Vedtektene opnar allereie for danning av lokallag, slik at dette er uproblematisk.

Utfordringar

Det er krevjande å starte eit nytt lag på ein måte at det er aktivitet over tid. Lokallaga ville vere avhengige av lokale eldsjelar som drar dette i gang og held det gåande. Museet vil gjerne vere ein aktiv samarbeidspartnar, men lokallaga må drive seg sjølv. Det vil seie at medlemmane må engasjere seg og vere aktive i mykje større grad enn nå.



I praksis risikerer man at det er einiskilde lokallag som lykkast, mens andre ikkje gjer det. Det er heller ikkje slik at det er like store og attraktive anlegg i kvar kommune. Til dømes kan det vere enklare å få til eit aktivt lokallag rundt museumsanlegg og fruktmuseum Viga enn rundt ei gjenstandssamling på Finnøy.

Enkelte plassar finst det også allereie svært engasjerte og aktive lag som kjenner sterkt eigarskap til museumsanlegga. Døme på dette er Sauda industriarbeidarmuseum og Sauda sogelag, eller klekkerigjengen på hummermuseet på Kvitsøy. Andre plassar forvaltar ikkje muséet anlegg, men er engasjert i ei rådgjevande rolle på anlegg som har tilknytning til svært aktive foreiningar, til dømes i Strand kommune. Her kan ein risikere at venneforeininga sine medlemmar enten allereie er svært engasjert gjennom eit anna lag, eller at dei går i konkurranse til eksisterande lag.

Kommentar

Denne modellen er attraktiv, fordi det gir folk anledning til å bidra til kulturtilbod, verdiskaping og aktivitetar i eiga lokalmiljø. Samtidig krev den desidert mest innsats av medlemmane.

Den modellen kan kombinerast med modell C, men ikkje med modell B.

Modell B: Prosjektbasert deltaking

Denne modellen tar utgangspunkt i at Ryfylkemuseet sendar ut informasjon om konkrete prosjekt og tiltak, som muséet treng hjelp med. Dei medlemmane som er interesserte, kan så melde seg på. Her ville museet opplyse om kva type prosjekt det er, kor det er, kva/ kor stor innsats ein frivillig er bedt om og kva resultatet skal vere.

Døme på slik prosjektbasert deltaking kan vere «bestemors beste eplekake på Viga», der frivillige plukkar eple i frukthistorisk hage, baker eplekaker og bistår i gjennomføring av eit arrangement der publikum kan smake på tradisjonelle eplekaker med gamle fruktsorter.

Eit anna døme kan vere «innsamling av bilde frå Dampen», der muséet ber folk i om å høyre med venner og bekjente om dei har bilde av Dampen og om muséet kan få ein digital kopi. Dette kan gjennomførast i heile Rogaland og vil bli til stor hjelp for muséet når vi skal dokumentere utsjåande til Dampen både innvendig og utvendig for Riksantikvaren. Dette ville vere eit prosjekt med variabel tidsinnsats.

Fordelar

Den modellen er ein blanding av aktivitetsformar, der venneforeininga hjelper muséet med konkrete tiltak, mens muséet legg til rette for aktivitetane. Det er også ein modell der venneforeininga kan vere direkte involverte i å nå store mål i museet, med synleg effekt. Det er sannsynleg at dette vil bli opplevd som vinn-vinn.

Medlemmane kan velje sjølv kva dei har lyst å involvere seg i, basert på interesse, kapasitet og geografi. Det opna for relativt stor variasjon i aktivitetstilbodet.



Her står muséet for planlegging og tilrettelegging, slik at venneforeininga ikkje treng å bruke mykje tid og energi på dette.

Utfordringar

I den modellen er det i hovudsak muséet som er premissleverandør. Sjølv om det sjølv sagt er alltid opning for å komme med forslag, vil aktivitetstilbodet vere styrt av behova til muséet og av kapasiteten for tilrettelegging på muséet. Ein kan risikere at medlemmar vil oppleve dette som restriktivt. Det er også sannsynleg at muséet i periodar vil ha mykje aktivitet i enkelte kommunar og lite i andre, slik at dette fort kan opplevast som svært skeivt fordelt.

Det kan også hende at enkelte opplever at det er få eller ingen aktivitetstilbod som fenger interessa, eller at det er uheldig geografisk fordeling. Samtidig er ikkje dette ein modell som er prøvd i Ryfylke tidlegare, så ein må regne med at det vil ta litt tid før alt fungerer som det skal.

Kommentar

Modellen ligg innafor vedtektene til venneforeininga og kan difor implementerast relativt enkelt. Elles er det ein modell som gir potensiell gevinst til alle parter, og føreset at alle kan investere betydeleg meir tid enn per i dag.

Den modellen kan kombinerast med modell C, men ikkje med modell A.

Modell C: Støtteforeining

I den modellen tar vennforeininga utgangspunkt i at det ikkje er realistisk å få til større aktivitetar på eit tilfredsstillande nivå. Dei medlemmane som har lyst å engasjere seg, gjer det allereie gjennom andre lag og foreiningar. Venneforeininga forstår seg sjølv som ein rein støtteforeining, som betaler medlemskontingent og er ambassadørar for muséet, og fremmar heller samarbeid mellom muséet og andre lag og foreiningar.

Fordelar

Denne modellen krev minst innsats. Venneforeininga si støtte til muséet gjennom å vere ambassadørar inn i andre lag og foreiningar kan vere ein betydeleg hjelp for muséet. Samtidig gjer medlemskontingenten det mogleg å gi ut årboka kvart år, noko som er viktig for muséet og gir fint utbytte til medlemmane.

Ein kan i den modellen også vurdere om ein skal ha færre styremøte, eller kanskje ha årsmøte berre anna kvart år. Det blir altså mindre «administrativ» innsats for både museet og venneforeininga, og mindre dårleg samvit.

Medlemskap vil fortsett gi gratis inngang under museet sine vanlege opningstider, noko som er særleg attraktiv for familiar, og tilsendt årbok.



Utfordringar

Det kan kjennes som frustrerende eller til og med som nederlag dersom ein hadde forventningar om større aktivitet.

Kommentar

Denne modellen er på eit vis den som er enklast, fordi ein treng ikkje endre noko særleg. Den er heller ikkje avhengig av stor auke i kapasitet og engasjement, noko som kan vere lite realistisk.

Samtidig kan ein vurdere å kombinere den modellen med modell A eller modell B.